

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 03.11.2021  
**SAKSHANDSAMAR:** Frode Schanke  
**SAKA GJELD:** **Handlingsplan og styringsstruktur for informasjonssikkerheit i Helse Vest**

**ARKIVSAK:** 2021/7357

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
25.11.2021

**STYRESAK:**  
074/2021

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner regional handlingsplan for informasjonssikkerheit i Helse Vest i tråd med vedtak og føringar gjeve av Helse Vest RHF.
2. Styret sluttar seg til overordna styringsstruktur for informasjonssikkerhet i Helse Vest slik dette kjem fram i vedtak gjort av styret i Helse Vest RHF i sak 085/21 i møte 30.09.2021.

## Oppsummering

Helse Vest RHF har bedt om at styra i kvart helseføretak i Helse Vest godkjenner regional handlingsplan for informasjonssikkerheit og gjev tilslutnad til styringsstruktur for informasjonssikkerheit i Helse Vest. Desse styresakane er handsama av styret for Helse Vest RHF i møte 30.09.2021 (sjå vedlegg 1).

## Fakta

HOD har gitt Helse Vest RHF i oppdrag å etablere regional handlingsplan for informasjonssikkerheit. Bakgrunnen er undersøkinga til Riksrevisjonen om helseføretakas evne til å førebyggje dataangrep.

Handlingsplanen er utarbeidd av regional arbeidsgruppe for «Topp 5 risikostyring innan IKT og informasjonssikkerheit i Helse Vest». Helse Vest RHF leiar arbeidsgruppa, og IT-sjef i Helse Førde HF er medlem. Handlingsplanen blei handsama 30.09.2021 i styremøte i Helse Vest RHF (sjå vedlegg 2 og 3, samt 4, 5 og 6). Gjennomføring av handlingsplanen er føreslått organisert som eit regionalt prosjekt for informasjonssikkerheit i Helse Vest.

I tillegg til regionalt arbeid på området, har lokal arbeidsgruppe for «Topp 5 risikostyring innan IKT og informasjonssikkerheit» avstemt dei lokale risikomåla og risikoelementa med den regionale handlingsplanen for informasjonssikkerheit. Arbeidet med tryggleikskultur er eit sentralt område både lokalt og regionalt. Det har vore gjennomført ei undersøking med fokus på å kartlegge tryggleikskulturen i Helse Vest.

Riksrevisjonen har peika på behov for å konkretisere styringsstrukturen for informasjonssikkerheit i Helse Vest. Slik styringsstruktur vart handsama i Helse Vest RHF i styresak 027/18. Saka er oppdatert og blei handsama på nytt i styremøte 30.09.2021 (sjå vedlegg 5). Saka har no eksplisitte vedtak på styringsstrukturen, avklaringar rundt ansvar og oppgåver knytt til medisinsk utstyr og teknisk utstyr, samt vedtak om oppfølging som del av regional handlingsplan for informasjonssikkerheit i Helse Vest. Saka er handsama i regional arbeidsgruppe for «Topp 5 risiko for IKT og informasjonssikkerheit».

## Kommentarar

Den regionale handlingsplanen for informasjonssikkerheit inneheld gode tiltak for forbetring. Gjennomføring av tiltaka vil bidra til å styrke området både i Helse Vest-regionen og i Helse Førde HF. Realisering av dette vil vere avhengig av etablering og gjennomføring av det regionale prosjektet for informasjonssikkerheit i Helse Vest.

Delar av planen kan føre til nye eller endra tenester frå Helse Vest IKT AS. Desse vil i så fall bli innarbeidde i framtidig tenesteavtale (SLA) mellom Helse Vest IKT og Helse Førde HF, og særleg aktuelt er samhandling rundt medisinsk utstyr og teknisk utstyr.

Styresaka om regional styringsstruktur for informasjonssikkerheit er ei god presisering av styresak 027/18 og eit viktig tiltak for å følgje opp rapporten frå Riksrevisjonen. Saka peikar

på at informasjonstryggleik i IKT knytt til medisinsk utstyr, teknisk utstyr og anna lokal IKT er eit område der både Helse Vest IKT AS og helseføretaka har oppgåver knytt til styring av informasjonssikkerheit. Vedtaka i saka skildrar godt styringsstrukturen innan informasjonssikkerheit i Helse Vest, og er, saman med sak om gjennomføring av regional handlingsplan, ei sak som Helse Førde HF kan støtte.

## **Konklusjon**

Administrerende direktør tilrår at styret sluttar seg til regional handlingsplan for informasjonssikkerheit og til konkretiseringa av styringsstrukturen for informasjonssikkerheit i Helse Vest.

## **Vedlegg og referansar**

1. Særutskrift Styresak 08421 og 08521
2. [Sak 08421 Regional handlingsplan Informasjonssikkerheit i Helse Vest.pdf \(helse-vest.no\)](#)
3. [Sak 08421 Vedl. 1 - Regional handlingsplan for Informasjonssikkerhet i Helse Vest.pdf \(helse-vest.no\)](#)
4. [Sak 08421 Vedl. 2 - Dokument 3 2 \(2020–2021\)](#)
5. Sak 08421 Vedl. 3 er unnateke offentlegheita og ligg berre i Admincontrol
6. [Sak 08421 Vedl. 4 - Forsvarlig pasientbehandling uten IKT](#)
7. [Sak 08521 Styringsstruktur Informasjonssikkerheit Helse Vest.pdf \(helse-vest.no\)](#)